



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato
20.04.2015
Dykkar dato
14.01.2015

Vår referanse
2015/673 410
Dykkar referanse

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Tilskot til vilttiltak 2015

Vi viser til søknad av 14. januar 2015 om tilskot til " Forvaltningsplan for gjess for Austrheim, Fedje og Radøy".

Fylkesmannen løyver kr. 30.000 til prosjektet. Midlane blir overført til dykkar konto nummer 3636.07.00776 med det første.

Lokale forvaltningsplanar for gjess skal vere i tråd med den regionale forvaltningsplanen (Fylkesmannen i Hordaland 2008), og skal godkjennast av fylkesmannen. Vi bidrar gjerne med rettleiing dersom kommunen ønskjer det.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Tiltaket er ikkje i strid med naturmangfaldlova. Det berører ikkje naturmangfaldet direkte, men skal sørge for ei betre handtering av problematikken rundt beiteskadar frå gjess i dei aktuelle kommunane.

Krav til rapportering og rekneskapsplikt

Fylkesmannen kan føre kontroll med at pengane blir brukt i tråd med søknaden. Blir dei ikkje det, kan vi krevje pengane tilbakebetalt.

Sluttrapport skal registrerast i elektronisk søknadssenter seinast 1. desember d.å. Rapporten skal innehalde ei oppsummering av gjennomføring av tiltaket og rekneskap. Annan relevant dokumentasjon leverast på eigne vedlegg.

Det er oppbevaringsplikt i 10 år for rekneskapsdata og dokumentasjon som ligg til grunn for søknaden. Det er òg krav om skriftleg rapportering og rekneskap:

- Tilkot under 50.000: Skriftleg orientering med rekneskap.
- Tilskot 50.000-100.000: Skriftleg rapport med rekneskap stadfersta av revisor.
- Tilskot over 100.000: Skriftleg rapport med rekneskap stadfesta av revisor, og foto eller synfaring dersom det dreier seg om synlege tiltak.

Rett til å klage på vedtaket

Jf. forvaltningslova kan du klage på vedtaket innan tre veker frå de mottar brevet. Ein eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast om Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Stein Byrkjeland e.f.
ass. fylkesmiljøvernssjef

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.